

## Forbrukerrådets kontrakt for håndverkertjenester

<b>Partar</b>
<b>Forbrukar</b>
Namn:
Adresse:
Postnr/stad:
E-post:
Tlf.:
<b>Tenesteytar (handverkar)</b>
Namn:
Adresse:
Postnr/stad:
E-post:
Tlf.:
Org.nr:
Kontaktperson:
<b>Avtale om</b>
Kort skildring av arbeidet som skal gjerast

<b>Forbrukar sin medverknad</b>
Er det avtalt at forbrukaren skal gjere førebuingar eller arbeid undervegs i samband med tenesteytar (handverkar) sitt oppdrag <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei
Skildre kva forbrukaren evt. skal gjere
Forbrukaren sitt arbeid skal vere ferdig

## Forundersøking

Har tenesteytaren (handverkaren) vore på staden og undersøkt kva som skal gjerast før kontrakten blir skriven under?

- Ja  
 Nei

Skriv dato for evt. forundersøking

Skildre undersøkinga og evt. funn:

## Spesifisering av oppdraget

Det er avtalt at tenesteytar (handverkar) skal utføre følgjande arbeid (evt. meir utførleg skildring/tilbod kan leggast som vedlegg)

Skal det brukast lærling(er) ved utføring av oppdraget

- Ja  
 Nei

Skal oppdraget utførast av tenesteytar (handverkar) sjølv

- Ja  
 Nei

Dersom nei, kven skal utføre oppdraget

## Tidsfristar

Arbeidet startar dato

kl

Tenesteytar (handverkar) pliktar å ferdigstille det avtalte arbeidet innan

## Dagmulkt eller erstatning ved forseinking

Dersom arbeidet ikkje er ferdigstilt innan ovannemnde dato

- Alternativ 1:**

Dersom ferdiggjeringa er seinka av grunnar som tenesteytaren (handverkar) svarer for, skal det betalast dagmulkt på kroner 200 pr. kalenderdag. Samla dagmulkt skal ikkje overstige 10 % av vederlaget til (tenesteytaren) handverkaren. Ferdiggjeringa vert rekna som seinka dersom det ligg føre seg mangel med mindre mangelen er uvesentleg. Ved overskriding av andre fristar skal tenesteytaren (handverkar) betale forbrukaren erstatning etter hvtj. [§§ 28](#) og [30](#).

- Alternativ 2:**

Dersom tenesteytaren (handverkar) er seinka, skal han betale forbrukaren erstatning etter hvtj. [§§ 28](#) og [30](#).

## Pris på tenesta

Alle prisar er inkludert mva. Kryss av for A, B, C eller D og skriv inn pris:

**A. Fastpris heile oppdraget (inkl. arbeid og materialar),**

kr

**B. Fastpris delar av oppdraget**

kr

gjeld:

- arbeid elles vert utført til timepris, kr

**C. Prisoverslag (kan ikkje overskridast med meir enn 15 %)**

kr

**D. Laupande rekning utan prisoverslag**

avtalt timepris, kr

Felles for alternativ C. og D.: Påslagsprosent på dokumenterte kostnader (sjølvkost/innkjøpspris) til utstyr og materialar som er tilførde eiendommen, %

## Tilleggsarbeid

Dato for avtale om tilleggsarbeid, dvs. arbeid ut over det som er omfatta av oppdragsskildringa

Det er avtalt følgjande tilleggsarbeid

Kryss av for eit av tre alternativa og skriv inn pris:

**1. Fast pris tilleggsarbeid (inkl. materialar)**

kr

**2. Prisoverslag tilleggsarbeid (kan ikkje overskridast med meir enn 15 %)**

kr

**3. Laupande rekning på tilleggsarbeid**

avtalt timepris, kr

## Betaling

Betaling ved ferdiggjering mot spesifisert faktura

Tenesteytar (handverkar) sender avdragsfaktura etter kvart som arbeidet blir utført. Det kan berre fakturerast for verdien av dei tilførde materialane og verdien av det som til all tid er utført på eigedomen. Betaling skal skje innan 10 kalenderdagar etter at forbrukaren har motteke spesifisert faktura.

Annan betalingsmåte

Ved annan betalingsmåte, blir oppgjeret utført slik

## Andre vilkår

Skildre andre vilkår

## Vedlegg og underskrifter

### Vedlegg

Talet på vedlegg

### Underskrifter

Stad:

dato:

Underskrifta til forbrukaren:

Tenesteytar (handverkar) si underskrift:

## Kontraktsformular

Denne avtalen må sjåast i samanheng med handverkartenestelova (hvtj.) som inneheld utførlege og tvingande lovreglar om tenesteytar (handverkar) og forbrukar sine rettar og pliktar. Avtalen sine føresegner er delvis ei utfylling og delvis ei presisering av lova sine reglar.

### 1. FAGMESSIG UTFØRING OG OMFANG

Tenesteytar (handverkar) skal utføre tenesta fagmessig og etter gjeldande krav til tryggleik. Tenesteytar (handverkar) skal også varetake forbrukaren sine interesser med tilbørleg omsorg. Tenesta omfattar levering av materialar når ikkje anna er avtalt.

### 2. FORUNDERSØKING

Kostnader i samband med forundersøking blir berre betalt av forbrukaren dersom dette er avtalt før undersøkinga vart utført.

### 3. TILLEGGSSARBEID

Viser det seg ved utføringa behov for arbeid utanfor oppdraget som det er praktisk å gjere som tilleggsarbeid, skal tenesteytar (handverkar) kontakte forbrukaren. Mottek tenesteytar (handverkar) ikkje melding frå forbrukaren innan rimeleg tid, kan tenesteytar (handverkar) likevel utføre arbeidet dersom han må gå ut frå at forbrukaren vil ha arbeidet utført og prisen for tilleggsarbeidet er utan betyding, eller den er låg i forhold til prisen for den avtalte tenesta.

### 4. VEDERLAG

I den graden prisen ikkje følgjer av avtalen, skal forbrukaren betale gjengs pris.

### 5. FORSEINKING

Dersom arbeidet ikkje er ferdigstilt innan dei fristane som er avtalt, eller som ein må gå ut frå er rimeleg, og dette ikkje skuldast forhold på forbrukaren si side, kan forbrukaren fremje krav i samsvar med punkt 6.

### 6. KRAV VED FORSEINKING

Ved forseinking kan forbrukaren:

- halde tilbake betaling, [hvtjl. § 13](#)
- krevje oppdraget utført dersom det kan skje utan urimeleg kostnad eller ulempe for tenesteytar (handverkar)
- heve avtalen dersom forseinkinga er av vesentleg betyding for forbrukaren, [hvtjl. §§ 14 og 15](#)
- krevje erstatning for økonomisk tap som følgje av forseinkinga, [hvtjl. § 28](#) eller
- dersom det blir kryssa av i kontrakten for at forbrukaren har krav på dagmulkt ved forseinking, krevje dagmulkt. Dagmulkt er ei standardisert erstatning for dei ekstrautgiftene og ulempene som forbrukaren blir utsette for ved forseinkinga.

### 7. MANGLAR

Manglar ligg føre seg dersom tenesta ikkje fører til det resultat som er avtalt eller som forbrukaren kan

krevje etter [hvtjl. §§ 5. 6 og 9](#).

## 8. KRAV VED MANGLAR

Ved manglar kan forbrukaren:

- halde tilbake så mykje av betalinga at det sikrar forbrukaren sitt krav, [hvtjl. § 23](#)
- krevje mangelen retta når det kan skje utan urimeleg kostnad/ulempe for tenesteytar (handverkar), [hvtjl. § 24](#)
- krevje prisavslag, [hvtjl. § 25](#)
- heve avtalen dersom formålet med tenesta blir vesentleg mislukka, [hvtjl. § 26](#)
- krevje erstatning for økonomisk tap som følgje av mangelen, [hvtjl. § 28](#).

## 9. TENESTEY TAR (HANDVERKAR) SI RETTING

Tenesteytar (handverkar) kan krevje å rette ein mangel ved tenesta når det kan skje utan urimeleg kostnad eller ulempe for forbrukaren. Forbrukaren kan motsetje seg retting når det er særlege grunnar. Retting skjer for tenesteytar (handverkar) si rekning, og skal skje innan rimeleg tid.

## 10. REKLAMASJON VED MANGLAR

Forbrukaren skal underrette tenesteytar (handverkar) innan rimeleg tid etter at manglane blei oppdaga eller burde blitt oppdaga. Lengste frist for reklamasjon er 2 år etter at arbeidet er avslutta og 5 år dersom resultatet av arbeidet er meint å vare vesentleg lenger enn 2 år.

## 11. MISLEGHALD FRÅ FORBRUKAREN

Ved forseinka betaling eller medverknad frå forbrukaren som ikkje skuldast forhold på tenesteytar (handverkaren) si side, kan tenesteytar (handverkaren):

- dersom forseinkinga ikkje skuldast ei uventa hindring utanfor forbrukaren sin kontroll, stanse arbeidet og krevje kostnader eller anna tap som følgje av stansinga erstatta.
- heve avtalen for den delen av oppdraget som står igjen, [hvtjl. §§ 43, 44](#).

Gjeld tenesta ein ting som er hos tenesteytar (handverkaren), kan tenesteytar (handverkaren) halde tingen tilbake inntil forbrukaren betaler eller stiller forsvarleg vern for kravet. Tenesteytar (handverkaren) skal ha tilbørleg omsorg for tingen. Dersom det er meir enn 3 månader sidan arbeidet blei gjort, kravet forfalt og oppmoding om å løyse ut tingen blei gitt, kan tenesteytar (handverkar) selje tingen og ta pengane sine av salssummen.

## 12. FORBRUKAREN SIN RETT TIL Å AVBESTILLE

Forbrukaren har rett til å avbestille ei teneste heilt eller delvis før oppdraget er avslutta mot å betale vederlag for den delen av tenesta som er utført. Forbrukaren kan bli erstatningspliktig dersom avbestillinga medfører anna økonomisk tap, [hvtjl. § 39 og 40](#).

## Viktig: Les om kontrakten

*Kontrakten kan fyllast ut elektronisk eller skrivast ut og fyllast ut på papir. Forbrukerrådet tilrår at kontrakten blir fylt ut elektronisk av partane i fellesskap. Forbrukerrådet oppmodar begge partane til å lese gjennom heile avtalen før avtalen blir underskriven. Forbrukerrådet tek ikkje ansvar for eventuelle feil ved utfyllinga av kontrakten.*

*Kontrakten må skrivast ut i minst to eksemplar og underskrivast av begge partar. Vi tilrår også å underskrive kvar side med initialar.*

*Forbrukerrådet sine kontraktar blir oppdaterte løpande. Siste dato for oppdatering går fram av den einskilde kontrakten. Reglar og praksis på området kan endrast, og det kan vere periodar der innhaldet i kontraktane og tilhøyrande rettleiingar ikkje er oppdaterte. Forbrukerrådet fråskriv seg einkvar mogeleg ansvar for feil, utelatingar eller mangelfulle oppdateringar. Ta kontakt med Forbrukerrådet på telefonnummer 23 400 500 dersom du har spørsmål til kontrakten.*

**Sist oppdatert 24.11.2015.**